

05.06.2010

Skulen held ope måndag, uvisst vidare



Streikevakt utanfor Rådhuset i Rosendal (Foto: Innsida)

**Dersom det ikkje kjem til snarleg semje mellom partane, vil konsekvensane av streiken auka drastisk for Kvinnherad frå måndag av. Då kjem dei aller fleste skulane i kommunen til å bli stengde, melder innsida.no.**

**Men skulen i Uskedalen vil halda ope måndag og deretter vil situasjonen bli vurdert frå dag til dag, opplyser rektor Vidar Haugland til uskedalen.no laurdag føremiddag.**



Men frå tirsdag vil SFO halda stengt fordi assistentane er tekne ut i streik.

Skulen held ope måndag, melder rektor Vidar Haugland. (Foto: Torfinn Myklebust)

Barnehagen stengte allereie torsdag fordi reinhaldarane var i streik og held fram med det. Det største problemet er skiten som samlar seg opp når det ikkje blir gjort reint.

– Skulane kunne gjeve eit redusert undervisningstilbod til elevane, hadde det ikkje vore for at det ikkje blir gjort reint, seier kommunalsjef Asbjørn Skår til innsida.no.

Han kan ikkje seia noko sikkert om korleis tilboden vil sjå ut neste veke, mellom anna på grunn av uvissa om korleis streiken utartar seg, men kan likevel fortelja at dei vil prøva å tilrettelegga for at alle ungdomsskuleelevene skal få gjennomført eksamen som planlagd.

– Me kan ikkje seia noko kategorisk om dette, men slik det ser ut no vil me prøva å få det til, seier Skår.

I tillegg til skulane, er det særleg barnehagane som merkar den pågående streiken. Der er ein heilt avhengige av uskedalen.no/no/nyhende/4769

at det blir gjort reint.–Uskedalen barnehage var stengt i dag, og det er stor sannsynlighet for at Bringedalsbygda blir stengt i morgen, seier HR-rådgjevar Torstein Aarthun. Dersom streiken held fram, vil truleg resten av barnehagane også bli stengt over helga.

Medan somme streikeråka kommunar straks sende ut permitteringsvarsle då det kom til konflikt mellom partane, valde Kvinnherad kommune heilt bevisst å dryga dette.– Me må jo uansett betala løn i arbeidsgjevarperioden, og me tenkte vel i vår naivitet at streiken ikkje kom til å vara så lenge, seier kommunalsjef Kjell Odd Nygård. Fredag valde kommunen likevel å be verksemdleiarane varsle permitteringar, i tilfelle streiken skulle visa seg å bli veldig langvarig. Sjølv om det skulle bli slik at dei fleste skulane stenger frå mandag av, er ikkje administrasjonsleiinga redde for at lærarane skal bli gjerandslause.

–Førebelts skal dei ha nok å gjera, med mellom anna planleggingsarbeid, seier Skår.

–Betyr det at de meiner lærarane tåler meir skit enn elevane, sidan de vil senda heim elevane medan lærarane framleis skal vera på jobb?

–Det blir ei vurdering me må ta. Men lærarane har høve til å brukha andre lokale til å jobba i, dersom det trengs, seier Asbjørn Skår. Medan dei største kommunane sparar fleire millionar kroner på streiken kvar dag, er innsparinga meir moderat for Kvinnherad, men likevel merkbar.

–Når denne veka er omme har me ei innsparing på om lag ein million kroner.

Men denne situasjonen er sjølvsgart ikkje noko me ynskjer. Ein slik streik som dettei det offentlege får enorme konsekvensar for einskildindivid, seier Kjell Odd Nygård.

På parkeringsplassen ved rådhuset i Rosendal møter me ein delegasjon frå Fagforbundet som sit streikevakt. Der er bodskapen soleklar:– Me har noko viktig å streika for, og vil streika så lenge det trengs, seier ein samstemd gjeng med streikevakter. Trass i guffentvêr, held dei stemninga og humøret oppe, og ser ikkje ut til åville gje seg med det første.

Dersom nokon ikkje skulle ha fått det med seg, streiker dei for at alle arbeidstakrar skal få eit likt generelt kronetillegg, i tillegg til auka minsteløn. Dei krev at arbeidstakrar med full ansiennitet i heil fast stilling skal tena minst 320.000 kroner.